

INTENSJONSAVTALE FOR SAMANSLÅING AV ODDA KOMMUNE, JONDAL KOMMUNE OG ULLENSVANG HERAD

I samband med den pågåande kommunereforma i Noreg tek Odda kommune, Jondal kommune og Ullensvang herad sikte på å slå seg saman til ein kommune frå 1. januar 2020. Det er dei tre kommune- og heradsstyra som vedtek om kommunane skal slå seg saman eller ikkje.

I ein ny kommune vil det vera det nye kommunestyret som har avgjerdsmynde. Sjølv om dei noverande kommune- og heradsstyra ikkje juridisk kan binda eit nytt kommunestyre, har ein likevel vorte samde om ei rekkje intensjonar for ein ny kommune som er tatt inn i dette dokumentet.

Dei tre kommunane vil leggja til rette for innbyggjarinvolvering i prosessen fram mot endeleg avgjerd i dei respektive kommunestyra innan 1.juli 2016.

1. Mål for den nye kommunen

Odda kommune, Jondal kommune og Ullensvang herad ynskjer i saman å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger.

Den nye kommunen skal sikra og vidareutvikla kvalitet i tenestene nært innbyggjarane og vera ein god kommune å bu og veksa opp i.

Målet med kommunesamanslåinga er å sikra innbyggjarane i dei tre kommunane gode tenester i framtida.

2. Kvifor ein ny kommune?

Som ein samla kommune vil Odda kommune, Jondal kommune og Ullensvang herad styrkje regionen.

Ein ny og større kommune vil betre kunne leggja til rette for god og offensiv nærings- og samfunnsutvikling gjennom mellom anna meir koordinert arealplanlegging for den nye kommunen

Ein ny kommune vil mogleggjera større og sterkare fagmiljø, meir stabil rekruttering av relevant fagpersonell med god kompetanse. Det vil gjera tenesteytinga til innbyggjarane mindre sårbar.

Den nye kommunen må vera i stand til å takla nye oppgåver i samband med den nye oppgåvefordelinga som er på trappene frå regjeringa.

3. Prinsipp ved samanslåing

Samanslåingsprosessen skal vera prega av likeverd, vidsyn og forståing av kvarandre sin ståstad.

Den nye kommunen skal utviklast og driftast med utgangspunkt i dei tidlegare kommunane sine fortrinn og sterke sider, men og ta inn over seg utfordringar i framtida.

Den nye kommunen skal organiserast slik at den kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane på ein god måte.

Tilsette i dei tre kommunane skal ikkje bli sagt opp som følge av prosessen. Eventuelle overtalige skal få tilbod om nye oppgåver i den nye kommunen. Den administrative omorganiseringa skal skje i nært samarbeid med dei tilsette og tillitsvalde. Den nye kommunen skal vera ein attraktiv og utviklande arbeidsplass for dei tilsette.

Den nye kommunen skal vidareutvikla lokalsamfunna i dei tidlegare kommunane i høve til bustadområde og attraktive bu-miljø.

I den nye kommunen skal satsinga på framtidige arbeidsplassar og næringsutvikling i heile den nye kommunen stå sentralt.

Ein større kommune vil gje meir effektiv administrasjon. Vinsten skal nyttast til å gje betre tenester til innbyggjarane.

4. Kommunenamn, administrasjonssenter og kommunevåpen

Namnet på den nye kommunen vert Ullensvang herad.

Administrasjonssenteret i den nye kommunen skal vera i Odda.

Kommunevåpenet skal ta utgangspunkt i Ullensvang herad sitt kommunevåpen.

Målføret til den nye kommunen vert nynorsk.

5. Lokaldemokrati

Det skal sikrast at den nye kommunen har god demokratisk styring og representasjon.

Kommunestyret i den nye kommunen skal ha 33 representantar og formannskapet 9 representantar.

Ytterlegare politisk organisering vert opp til det nye kommunestyret å avgjera.

6. Tenestetilbodet

Den nye kommunen skal yta gode og effektive tenester til innbyggjarane sine. Det satsast på å utvikla meir digitale tenester til bruk for innbyggjarane. Det skal leggjast til rette for kommunale treffpunkt i dei noverande kommunane.

Følgjande utgangspunkt ligg til grunn:

6.1. Administrasjonssenter

Administrasjonssenteret i Odda skal innehalda kontor til ordførar, rådmann med stab og tenestefunksjonar som naturleg høyrer til i sentraladministrasjon i ein kommune. Kinsarvik og Jondal skal ha status som kommunedelsenter, med desentraliserte tenester og lokale kontaktpunkt for dei mest sentrale tenestene.

Heradshuset i Kinsarvik og kommunehuset i Jondal skal nyttast til kommunal tenesteyting.

Utne og Røldal skal ha status som bygdesenter ,og skal oppretthalda det desentraliserte tenestetilbodet dei har i dag.

Den nærare administrative organiseringa av den nye kommunen vil bli fastlagt i løpet av samanslåingsprosessen.

6.2. Fordeling av sentrale funksjonar:

Ein andelsmessig fordeling av arbeidsplassar innan sentrale funksjonar som IKT, økonomi, post/arkiv og andre støttefunksjonar skal lokalisert til kommunedelsentra (Kinsarvik og Jondal).

6.3. Skular

Skuletilbodet skal ikkje endrast som følge av kommunesamanslåing.

6.4. Barnehagar

Barnehagetilbodet skal ikkje endrast som følge av kommunesamanslåing.

6.5. Helse- og omsorg

Odda blir utgangspunktet for eit felles administrativt helse og omsorgssenter for den nye kommunen som skal innehalda legevakt, legevaktsentral, ØH senger, helsestasjon, fysioterapi , psykolog og jordmor.

Pleie og omsorgstenesta skal vera desentralisert med sjukeheimar i Kinsarvik, Jondal, Utne, Odda og Røldal.

Sjukeheimen i Kinsarvik og i Jondal skal i framtida ha funksjon som eit helse og omsorgssenter med omsorgstenester, legeteneste, fysioterapi, helsestasjon med meir.

Eit senter for teneste for funksjonshemma i den nye kommunen skal vidareutviklast i Kinsarvik.

Dei funksjonshemma skal få gode lokale tilbod der dei bur i den nye kommunen.

Bufellesskapet Vik i Jondal gjev heildøgntenester til psykisk sjuke. Tilbodet skal oppretthaldast, og vurderast utvida med fleire plasser for å dekkja heile den nye kommunen.

Lækjarkontor skal oppretthaldast i Ullensvang aust og vest, Jondal og i Røldal.

6.6. Tekniske tenester

Tekniske tenester må organiserast slik at tenester som krev nærleik til brukarane er lett tilgjengelege for innbyggjarane i heile kommunen.

Administrasjon for tekniske tenester, landbruk og skogbruk skal vera lokalisert i Ullensvang.

Felles plankontor skal vera lokalisert i Jondal.

Næring og samfunnsutviklinga skal samlokalisert i Odda.

Brann og redning skal vera lokalisert med hovudstasjon i Odda med desentraliserte brannstasjonar i Jondal, Ullensvang aust og vest og Røldal.

6.7. Lokale næringsfond

Lokale næringsfond skal opprettast med eigne styre.

6.8. Kultur

Den nye kommunen skal ha eit godt kulturskuletilbod.

Hovudbibliotek skal vera lokalisert i Odda. Bibliotekfilialar vert oppretthaldne i Ullensvang aust og vest, samt i Jondal.

Frivillig sektor og kulturinstitusjonar skal ha føreseielege rammer og den nye kommunen vera ein nær samarbeidspart.

7. Fjellforvaltning

Bruksrettar i statsallmenningar er regulerte i fjellova. Ei kommunesamanslåing vil ikkje føra til reelle endringar for innbyggjarane samanlikna med dagens situasjon. Fjellrettar i høve til statsallmenningar kviler på og er geografisk definert av historiske grenser og ikkje av skiftande kommunegrenser

Den nye kommunen vil få to heile statsallmenningar innan sine grenser: Ullensvang statsallmenning og Røldal statsallmenning. Dei tre kommunestyra ynskjer at det skal vera eit eige fjellstyre for begge desse to statsallmenningane i den nye kommunen.

Vidare ligg delar av Folgefonna statsallmenning og Breifonn statsallmenning i den nye kommunen. Ingen av dei to sistnemnde har eige fjellstyre, då det ikkje er rekna å vera økonomisk grunnlag for det.

8. Næringsliv

Den nye kommunen skal satsa på samfunns- og næringsutvikling for å fremja verdiskaping og vekst i livskraftige lokalsamfunn.

For dei noverande kommunane er det ein føresetnad at den nye kommunen opprettheld satsinga på eit variert næringsliv.

Den nye kommunen vil ha eit variert landskap og vera ein av dei mest sentrale turistområda i Hardanger. Ei vidare satsing på turisme og utvikling av heilårleg turisme vil vera sentralt.

Den nye kommunen skal legge til rette for og vidareføre satsinga på industri, marin sektor, og eit mangfaldig landbruk med spisskompetanse innan sine felt.

Statlege arbeidsplassar, som til dømes Statens Kartverk Ullensvang, Hardanger tingrett, NIBIO og Odda sjukehus, vil vere viktig for den nye kommunen. Etablering av ytterlegare statlege arbeidsplassar skal vere eit satsingsområde i den nye kommunen.

Kommunen vil vera ein sentral kraftkommune med rike kraftressursar som skal vidareutviklast til det beste for innbyggjarane.

Den nye kommunen skal vera ein pådrivar og bidragsytar til vidare satsing på fiberutbygging.

Den nye kommunen skal arbeida for tenlege statlege vegsamband og god intern kommunikasjon til alle deler av kommunen.

9. Særskilde tema

Den nye kommunen skal ha eigedomsskatt på verk og bruk slik dei tre kommunane har i dag. Det vert på noverande tidspunkt ikkje lagt opp til eigedomsskatt utover verk og bruk, men den endelege avgjerda om eigedomsskatt vil liggja til kommunestyret i den nye kommunen.

Den nye kommunen skal vere ein aktiv pådrivar for å betre ferjetilbodet på strekningane Utne-Kinsarvik-Kvandal og Jondal-Tørvikbygd.

Det skal sikrast at eksisterande kommunale bygningar som i framtida ikkje vert nytta til kommunal tenesteyting får ein etterbruk til gagn for lokalsamfunnet der dei er plasserte.

Dei tre kommunane sitt planverk skal gjelda inntil nytt, felles planverk er vedteke av den nye kommunen.

Den nye kommunen skal prioritera arbeid med beredskap og tryggleik for innbyggjarane i framtida.

Fram til den nye kommunen er etablert skal dei tre kommunane informera kvarandre før tilsetting i leiar- og spesialiststillingar, og vurdere samarbeid der det er mogleg.

Innbyggjarane og tilsette i alle kommunane skal få god informasjon undervegs i prosessen fram til den nye kommunen er etablert.

Viss den nye kommunen får tildelt statlege midlar for utbetring av internkommunikasjon i det nye heradet, skal desse prioriterast til bruk på rv. 13.

10. Investeringsprosjekt i den nye kommunen

I tida fram til 1. januar 2020 skal dei tre kommunane orientera kvarandre om aktuelle investeringsprosjekt med ei kostnadsramme over NOK 1 000 000 før eventuelt vedtak vert fatta.

Nye prosjekt etter 1. juli 2016 som vil strekka seg utover 2020 skal koordinerast innan dei tre kommunane.

XY den X.Y.2016

Roald Aga Haug (AP)
Ordførar Odda kommune

Jon Larsgard (SP)
Ordførar Jondal Kommune

Solfrid Borge (SP)
Ordførar Ullensvang herad